

# Stordalen



Jan Rabben

## EIT RIKT DALFØRE

*Då Etnevassdraget vart verna i 1994, var omsynet til kulturlandskapet i STORDALEN ein vesentleg grunn.*

*Dette er eit dalføre med særskilt mange artar av planter og dyr. I gråorskogen i Stordalen er det meir fuglar enn dei fleste andre stader, faktisk tettare enn det ein gjerne finn i tropisk regnskog.*

**V**i kan takka kraftutbyggingsplanane for at vi veit så mykje om dyrelivet i dalen. I samband med at Haugesund Energiverk søkte om å byggja ut Stordalsvassdraget, vart det i 1984 gjennomført ei omfattande undersøking her. Det ein fann av dyreliv, var medverkande til at utbyggingsplanane vart erstatta med varig vern.

Stordalsvatnet, det største vatnet i Sunnhordland, ligg vesentleg lågare enn høgaste havnivået etter den siste istida (75–80 moh.), ein såkalla fjordsjø. Det vil seia at vatnet tidlegare har vore ein fjord, som vart til ein innsjø då landet steig (©171). Stordalsvatnet er fiskerikt, med seks fiske-

slag: laks, sjøaure, aure, ål, stingsild og røye. Røye er det spesielt mykje av. Fiskerikdommen gjer vatnet til eit godt matkammer for storlom om sommaren og for laksand, siland, gråhegre og fleire om vinteren. Dei siste åra har òg eit sjørrepar hekka her, det er høgst uvanleg i låglandet i Sør-Noreg. Kalkrik berggrunn saman med tilsig frå landbruket gjer at vatnet toler sur nedbør. Dei mange artane har derfor klart seg bra.

Det næraste nedslagsfeltet er dominert av open kulturskog, mange stader med ei rekkje gamle, styvde lauvtre som skaper gode vilkår

for eit variert fugleliv. Ein reknar med at det finst 6–8 hekkepar av fylkesfuglen kvitryggspett i vassdraget, og det er gode bestandar av dvergspett (biletet til venstre). Dette er teikn på god tilgang på næring, særleg av insektslag som er knytte til daudt og døyande trevirke. Kulturskogen er òg rik på meiser, svartkvit flugesnappar og kattugle.


Gråorskogen i Stordalen har påkalla særleg interesse. I eit område ved Hellaug fann ein i snitt heile 1120 fuglepar for kvar kvadratkilometer. Dette er noko av det høgaste som er påvist i Noreg, uavhengig av skogtype.



Stig Tronvold


### Dei vanlegaste bekkefuglane i gråorskog registrerte ved Hellaug, 1984

bokfink	92 par/km <sup>2</sup>
gulsongar	72 par/km <sup>2</sup>
jernsporv	52 par/km <sup>2</sup>
lauvsongar	368 par/km <sup>2</sup>
munk	60 par/km <sup>2</sup>
måltrast	40 par/km <sup>2</sup>
raudstrupe	72 par/km <sup>2</sup>
raudvengetrast	56 par/km <sup>2</sup>
svartkvit flugesnappar	76 par/km <sup>2</sup>
svarttrast	44 par/km <sup>2</sup>



## FJELLPLANTER I FLOTESKARET

*Nedanfor utløpet av Flotevatnet renn elva gjennom eit trangt skar. Fylltitten i dei bratte sidene gir gode næringsforhold for plantene. Ei rekkje fjellplanter er kjende herifrå, særleg mellom 500 og 600 moh. Det finst rikeleg med reinrose og urter som gir farge til fjellsida. Vi finn liknande spreidde område andre stader i Etnefjella òg. Det er typisk at slike førekomstar er små og knytte til bratte, vanskeleg tilgjengelege bergskorer og skrentar. Her kan fjellplantene lettare stå i fred for beitedyr, og dei blir heller ikkje utkonkurrerte av gras og lyngen på beitemarkene omkring. Fleire av fjellplantene i Floteskaret er sjeldne i Sunnhordlandsfjella, men meir vanlege lenger aust i fylket.*



*Kontrasten til den fattige fjellbeia omkring kan vera stor. (Foto: Svein Nord)*

*Rukkevier. (Jan Rabben)*



bergstorr  
bjønnbrodd  
dvergjamne  
fjellsmelle  
flekkmure  
gulsildre  
hårstorr  
raudsildre  
reinrose  
rosenrot  
rukkevier  
svartstorr